

# Kyrkjebladet for VAKSDAL

72. ÅRG. / NR. 4 - 2018

*God jul!*



**Møt Ruben**

Side 14

**Vegen**

Side 9, 10, 11  
og 12

- Andakt side 3
- Slekters gang side 19
- Gudstenestelista side 20

## DEN NORSKE KYRKJA I VAKSDAL

### Kyrjekontoret for Vaksdal

Pb 113, Fabrikkvegen 3

5721 Dalekvam

Tlf. 56 59 39 20 (felles for alle tilsette)

E-post: kyrjekontoret@vaksdal.kyrkja.no

### Ekspedisjonstid:

Tysdag og onsdag kl. 11.00-14.00

### Kyrkjeverje Bjart-Magnus Ndogo Rosvold

Mobil 97 69 75 62

E-post: kyrkjeverja@vaksdal.kyrkja.no

### Sokneprest Edvard Bø

Prest i Vaksdal og Stamnes sokn

Mobil 90 84 06 24

E-post: edvard.boe@vaksdal.kyrkja.no

### Sokneprest Frode Kvamsøe

Prest i Dale, Eksingedalen, Bergsdalen og Nesheim sokn

Mobil: 90 19 65 14

E-post: frode.kvamsøe@vaksdal.kyrkja.no

### Trusopplærer Kristin Straume Audestad

Mobil: 95 76 63 79

E-post: kristin.audestad@vaksdal.kyrkja.no

### Organist Ruben S. Gjertsen

Mobil: 92 45 20 98

E-post: ruben.gjertsen@vaksdal.kyrkja.no

### Organist Anton Proskurnin

Mobil: 48 23 29 77

E-post: anton.proskurnin@vaksdal.kyrkja.no

### Vaktmeister Ottar Dalseid

Mobil: 97067046016

E-post: ottar.dalseid@vaksdal.kyrkja.no

### Samtale med presten

Prestane står til disposisjon for samtale.

Avtal helst på førehand.

Prestane har teieplikt.

Informasjon om gudstenester, konfirmanttida og Kyrkjebladet finn du på [www.vaksdal.kyrkja.no](http://www.vaksdal.kyrkja.no)

### GATEADRESSER:

**Bergsdalen kyrkje:** Bergsdalsvegen 1065

**Dale kyrkje:** Kyrkjegata 1

**Eidsland kapell:** Eidslandsvegen 2014

**Eksingedalen kyrkje:** Sørdalsvegen 10

**Nesheim kyrkje:** Nesheimsvegen 31

**Stamnes kyrkje:** Grupevegen 19

**Vaksdal kyrkje:** Vaksdalsgarden 34

## Ja, no er tida komen...

Jolestria står for døra og bankar. Om du let døra litt på glytt kjem han busane inn. Det skal bakast, ryddast, vaskast. Jole-tre skal få fot. For ikkje å snakka om alle presangane som skal kjøpast til fjerne og nære vener og familie.

**Men dette åre ska da bakast. Her e da berre å bretta opp ermene og gi seg i kast med kjevle.** Etter 1. runde med baking er mjølføyka so tett at det er tilnærma null sikt på kjøkkenet. Temperaturen stig i takt med kakehaugen. Ungane pressar ut kakemenn og -damer (Eller kanskje kake-hen?) i alle fasongar. Desse vert steikt, pynta og putta i kakeboksar. **For no e da snart jol.** Eg veit i mitt stille sinn at no har me so masse kaker at eg kjem til å spisa den siste kakemannen i juni, men kven bryr seg.

Julemusikken rokkar rundt juletreet, og englane dalar ner i skjul. Når jolekvelden kjem er me i verste fall so utslitt at me ikkje rekk å nyta jola i det heile før den er over. Kanskje me skal tørre å trekke pusten. Baka litt mindre, kjøpe litt færre presangar. Dele ut fleire klemmar og gode ord?

For ikveld er det født dykk ein frelsar...  
God jol, ta vare på kvarandre.

### Bjart-Magnus N Rosvold

*Staben på kyrjekontoret  
ynskjer alle lesarane ei God Jol!*



### Fellesrådsleiar:

Odd Arild Faugstad

tlf. 952 65 989

e-post: oddfau47@gmail.com

### Soknerådsleiarar:

Vaksdal: Grethe Loftheim Dale

tlf. 992 68 128

Dale: Brith Kydland

tlf. 48 13 06 64

Bergsdalen: Herborg Holt Lid

tlf. 454 65 977

Stamnes: Bjørn Stamnesfet

tlf. 56 59 82 91 / 414 13 351

Eksingedalen: Asbjørn Flatekval

tlf. 970 17 598

Nesheim: Gøril Kvinge Nesheim

tlf. 930 54 636

### Den norske kyrkja si heimeside:

[www.kyrkja.no](http://www.kyrkja.no)

### Björgvin bispedømme

#### si heimeside:

[www.kyrkja.no/bjorgvin](http://www.kyrkja.no/bjorgvin)

**Bibelen på nett:** [www.bibel.no](http://www.bibel.no)

### KYRKJEBLAD FOR VAKSDAL

Utgjevar: Sokneråda i Vaksdal

Bladpengar: kr 250,-

Annonsepris: kr 4,- pr. sp.

Avgiftsfritt.

Bankgiro: 3500.07.05800

### Bladstyrar:

Kyrkjeverja i Vaksdal

### Grafisk utforming:

VaksdalPosten

### Kasserar:

Vaksdal Kyrkjelege Fellesråd,  
boks 113, 5721 Dalekvam

### Eksp. og trykk:

Bodoni AS, avd. Hardanger,

Øystese

Tlf. 46 63 09 33

### Retur til: Kyrjekontoret

for Vaksdal, Pb. 113,

5721 Dalekvam

**Stoff til neste nr. må vera kome inn til 18. mars.**



## ***Gud vart menneske og tok bustad mellom oss***

*Gud vart menneske og tok bustad mellom oss.  
(Johannesevangeliet. 1, 14)*

I meir enn 30 år har eg feira jul med kona mi og borna mine. Det er viktig for meg at me framleis kan feira jul i lag. Borna mine er blitt vaksne, har flytta ut og er til dels etablert både på Aust- og Vestlandet. Men dei siste åra har alle komne heim til jul og me har fått vera i lag.

Eg trur det er sånn for dei fleste av oss. Nettopp difor kan mange kjenna eit stort sagn i jula. Saknet kjenner me når me ikkje lengre får feira julehøgtida med dei me har feira ho med før. Det kan vera mange grunner til at det. Saknet er der uansett.

Julebodskapen handlar om at Gud i himmelen kjem til vår jord som eit menneske, som ein av oss. Som mennesket Jesus, openberra Gud kven han er. Han viste at Gud elsker alle menneske og har knytt seg til oss med evige kjærleiks band. Me får ta imot Jesus ved vår tru og me vert knytte til Gud.

Alle som har fått denne trua i hjartet, kjenner også band knytte til kvarandre. Me har noko viktig saman; trua, dåpen og ein felles Far i himmelen. Trua på Jesus bind oss saman med usynlige band.

Det er kjekt å sjå alle som kjem til kyrkja i jula for å høyra julebodskapen, syngja julesongane, takka Gud for at me får tru og be for alle våre kjære.

Eg er glad for familien min som kjem heim til jul, men eg er også glad for den store familien min; alle som deler trua på Jesus. Usynlege band bind oss saman. Desse banda kjenner me i kyrkjene våre når me kjem saman, og det er band som bind alle truande saman over heile verda. På mange tungemål vert evangeliet lest og lovsongen løfter seg frå alle kroker av jorda:

*Ære være Gud i det høgste,  
og fred på jorda blant menneske  
som Gud har glede i.*

Gud tok bustad mellom oss. Gud er hjå oss alle stader kor me samlast i hans namn. Gud har bunde seg til oss og ved trua er me bunde til kvarandre.

*Å, kom nå med lovsang, jordens kristenscare!  
Å, kom nå med lovsang til Betlehem!  
Kom for å se ham, kongen i en krybbe!  
Kom tilbe ham, Guds under: Vår Herre Krist!  
(Norsk Salmebok, nr. 40)*

Ha ei velsigna god jul!

***Med venleg helsing Arild Hellesøy,  
prost i Hardanger og Voss prosti***



# Min salme

Björg Rolvsvåg vart i sist nummer av Kyrkjebladet utfordra til å skriva om sin salme:

Salmar og kristne songar har fylgt meg og vore viktig for meg heile livet.

I varierende livssituasjonar har songane på kvar sitt vis vore aktuelle. I sorg og i glede. I kvardag og fest. Åleine eller i fellesskap.

No er det julehøgtida som står for døra, og den salmen eg vil dele med dykk er ein forholdsvis ny salme.

I en natt så klar og kald---

Tekst og melodi er av Bjørn Eidsvåg. Han skreiv den i 1992. Melodien er fin og lett å syngje med på.

Det er mange år sidan eg hørde den fyrste gongen. Både teksten og melodien festa seg i meg. Eg kan ikkje heilt forklare kvifor. Kanskje fordi den store budskapen vert formidla på ein enkel og lettfatteleg måte. Den er mykje brukt i barnekor, og det var born som song den fyrste gongen eg hørde den.

Bjørn Eidsvåg beskriv på ein vår, men også på ein sterk måte, både det kvar-dagslege og det guddommelege. Det store og ubegripelege med enkle ord. Englar, hyrdingar, stall og krubbe. Men salmen tek oss lenger fram. Heilt til den tomme grava første påskedag. Den tek med heile budskapen og rommer det som er viktig for meg.

*- Julenatt med lys og glede minner oss om Gud som kom.*

*Evig er han her til stede. Nå står grav og krybbe tom.*

Eg er veldig glad for at denne vakre salmen kom med i Norsk Salmebok. Salme-

skatten vår er ein verdfull arv vi etter mitt syn bør ta vare på, men vi må også gi plass til nye som kjem til. Slik som denne som har funne sin plass som nummer 69 i Norsk Salmebok. Med denne salmen ynskjer eg alle lesarar av Kyrkjebladet ei Velsigna Jul og eit Godt Nytt År.

**1) I en natt så klar og kald,  
av en ung og tapper mor,  
i en krybbe i en stall fødtes  
håpet til vår jord.  
Så umerkelig, så stille,  
byens gater helt forlatt  
Ingen opptog for den lille,  
lyset kom en vinternatt.**

**2) Gjeterne satt rundt sin grue,  
skremtes opp av lys og lyd.  
Himlen stod i veldig lue,  
engler sang om fred med fryd:  
Ikke frykt, vær ikke redde,  
Gud er kommet til vår jord.  
Nå i natt var det det skjedde.  
Gå til barnet og dets mor.**

**3) I det stille, til de små,  
bringer Jesus håp og fred.  
Og han kommer, da som nå,  
fra sin himmel til oss ned.  
Julenatt med lys og glede  
minner oss om Gud som kom.  
Evig er han her til stede.  
Nå står grav og krybbe tom.**

*Björg utfordrar Anna Pernille Stanghelle på Dale til å skrive om si salme i neste nr. av Kyrkjebladet.*

# *Konsertar i adventstida*

I adventstida er det mange konsertar i kyrkjene våre. Det vil kome endringar og tillegg, så følg med på plakatar, annonsar og Facebook.

## **Laurdag 1. desember**

Stamnes kyrkje kl. 16.00: Adventskonsert med lystenning og lesing. Blanke Messingen, Stamnes barnekor, konfirmantane. Kollekt til kyrkjemusikalsk verksemd.

## **Søndag 2. desember**

Dale kyrkje kl. 16.00: Bergen Brass Band.

## **Søndag 9. desember**

Dale kyrkje kl. 18.00: Adventskonsert. Adventstankar. Kollekt til kyrkjemusikalsk verksemd.

## **Onsdag 12. desember**

Dale kyrkje kl. 18.00: Kulturskulen sin juleavslutningskonsert

## **Fredag 14. desember**

Nesheim kyrkje kl. 19.00:  
Konsert med Voss Jazzkvartett: Irene Tillung (akkordeon), Kåre Nyttun (gitar), Dorthea Bergo (song), Arnstein Klovning (bass). Bill. kr 150.


## **Laurdag 15. desember**

Eksingedalen kyrkje kl. 15.00: Adventskonsert. Adventstankar. Kollekt til kyrkjemusikalsk verksemd.

Dale kyrkje kl. 17.00: Dale Mannskor og Mariann Juvik Sæbø.

## **Søndag 16. desember**

Vaksdal kyrkje kl. 18.00: Adventskonsert. Kilden, Torsdagsklubben. Adventstankar. Kollekt til kyrkjemusikalsk verksemd.







## Julepynt og julesymbol

Mørkt ute, lys inne. Vi tenner fleire og fleire lys. I Bymisjonen er lystening noko av det viktigaste vi gjer. På gategudstenester, ved stallen utanfor Oslo S, i møterom og i kyrkjerom. Vi tenner mange lys med og utan ord, men som oftast i bøn for nokon vi har mista, for nokon vi er redde for, for nokon vi bryr oss om. I dag tenner eg eit lys i takksemd for alt det far min fekk vere. Karl Veiteberg (fødd i Jølster 1918, død 2006) var formingslærer på Stord Lærarhøgskule. Han lærte

meg om all den symbolkrafta som ligg i dei fargane og tinga vi omgir oss med. Eg sit her ved skrivebordet mitt med eit utdrag frå eit kåseri om julesymbol som han heldt fleire gonger. Nedanfor kan du lese noko av dei innsiktene han kjem med. Temaet er julepynt og symbol.

**Symbol.** VI lyt ofte bruke symbol av di vi ikkje kan uttrykka forestillingar på andre måtar, skriv far. «Det er så mange ting i tilværet som ligg utanfor vår fat-

teevne, men symbola kan kasta ljøs over visse sider ved det, slik at vi kan halda dei fast i vårt sinn, i vår tanke. Mange symbol er gamle og mange har mist innhald, men nokre vil alltid vere sams. Mykje av den grunn at naturåret og dei kyrkjelege handlingane har ei samordning. Påske og pinse er omtala i Bibelen, men ikkje jula. Det var ein romersk biskop som la jula til den 25. desember kring midten av 300-talet. Julefeiringa skulle fortrenge den gamle solfesten og gi nytt innhald

til dagane. At julepynten inneheld meir enn dekor er ukjent for mange. Eg har brukt å dele dei inn i fire grupper:

**1) Dei som viser veg: Stjerne, ljøs og glitter.** Ljøs og ljøskomposisjonar symboliserar at Det sanne ljøset som lyser for kvart menneske kom no til verda (joh 1,9). Lik som sola ved solsnua auka i glans og styrke, slik skulle Kristus som rettferdssola sigerrik gå fram. Stjerna er også eit slikt ljøs. Jakob Sande sin julesong understrekar vel



på ein særeigen måte ikkje berre tilskodaraspektet, men opplevingsaspektet. Det ljoser i stille grender av tindrande ljøs i kveld, og tusene barnehender mot himmelen ljosa held. Til å peike mot himmelvegen har vi også spiret. På mitt barndomsjuletre var det alltid spiret som stod på toppen av treet.

**2) Sendebodsgruppa: Klokkene, trompetane, fuglane, englane.** Desse er symbol for dei som skal gå med den glade budskapen. Klokka forkynner evangelietonen. Kling no klokka! Ring og lokka...

**3) Gåvegruppa: Korge-**

**ne.** Korger i ymse former peikar på alle gode gavers giver, og dei har hjarteform: Gleda ved å få og å gi.

**4) Gruppa for det universelle: Det medmenneskelege og samhaldet. Kula, ringane, lekkjene.** Menneskeætta er ei, difor kulesymbolet og lekkjene som tyder einskap og søskenkjede. Lekkjene vere sett saman av andre symbol, som alle nasjonars flagg.

**Frelse.** Far nemner også ei femte gruppe. Men då har han forlate juletreet. Den femte gruppa minner om at frelsesverket gjeld alle

menneske. Men oksen der og asen stod, og såg den Gud og Herre god. Oksen er symbol for jødane og asenet for alle folkeslag som ikkje er jødar. Difor høyrer både oksen og asenet med til julekrybba, og ikkje berre sauer. Far rundar av med sjølv treet. Alle desse einskildsymbola og truleg fleire til, er knytt saman i ein stor komposisjon i juletreet. Det grønne treet er planta, krossfoten eller trekantfoten med vasskjelda er symbolet på livstree. Alle einskildsymbol som vi har nemnt kan ein finne som frukter på dette treet. I 1822 kom juletreet til lan-

det vårt. Først i overklassen i Christiania, men ikkje mange år etter tok storbønder, prester og anna fintfolk etter. Skeptikarane meinte at treet tok merksemda bort frå den eigentlege julebudska. I dag vil vi nok seie at treet er kome for å bli. Og når far min fortel om alt det vi kan få møte gjennom juletreet, erfarer eg at budskapen også verkeleg faldar seg ut.

Av Kari Veiteberg,  
biskop i Oslo  
Fyrst publisert i  
Vårt Land, 4. januar 2016





## ***Julekonsert med Bergen Brass Band*** **i Dale kyrkje 2. desember kl. 16.00**

Bergen Brass Band vart starta 23. november 1945 under namnet «Bergen Sporveis Musikkorps» og har sidan den gong blitt kjend for sine mange flotte musikk-prosjekt. Korpset har i oktober vitja København og gjort fleire nye innspelningar i studioet The Village - med ny musikk av den anerkjente dan-

ske komponisten og trompeteren Jesper Riis. Og ikkje minst av nordmannen Webjørn Sæther, som kan hende er mest kjend for vignettmusikken til "Der ingen skulle tru at nokon kunne bu". Førre gong korpset gjorde innspeling i same studio, har musikken derfrå blitt nytta i NRK sine produksjonar

"Sommerbåten" og årets "Monsen - minutt for minutt".

Solistar på konserten vil være Ingrid Lutro på euphonium med den kjente julesongen "O helga natt", og Thor-Atle Størksen på kornett med stykket "Vidda" - som er ein signaturlåt av Ole Edvard Antonsen. Korpset har og eit lokalt medlem;

Terje Pedersen frå Stamnes.

- Me i Bergen Brass Band ser frem til å komme på besøk til Vaksdal kommune og ikkje minst til Dale for å ha julekonsert under leiing av vår dirigent Thor-Arne Pedersen. Vel møtt i Dale kyrkje søndag 2. desember kl. 16!

## ***Det lyser*** ***i stille grender***

Marianne Juvik Sæbø

Dale Mannskor

Gjestekor: Kordial

Tonefølgje: Ruben Gjertsen

Dale kyrkje

laurdag 15. desember kl. 18.00.

Entré kr 200/born under 12 år gratis








Kva har skjedd på VEGEN sidan sist?



Desse sidene er avsett til trusopplæringa i Vaksdal, som me kallar Vegene i Vaksdal. Det er sjølv sagt livs- og trusvegen det handlar om, og målet om at alle som er døypte eller tilhøyrande Den Norske Kyrkja skal bli invitert til eit tilbod i kyrkja sin regi minst ein gong i året, til dei fyller 18 år.

Følg Vegene i Vaksdal på Facebook! 

## Babysong, lunsjtreff og småbornssong på Dale og Vaksdal

I haust har det vore babysong, lunsjtreff og småbornssong på Dale og på Vaksdal torsdagar. Trusopplærar Kristin har leia samlingane, som består av song og regler, og ein nyttar ulike effektar som rytmeinstrument, stoff, såpebobler og spruteflaske(!). Fleire har tatt turen innom, både i bedehuset på Dale og i konfirmantrummet i Vaksdal kyrkje. Særskilt småbornssongen har vorte populær, her er det liv! Det er tydeleg at borna har utbytte av samlingane (og søv veldig godt etterpå...). Men eg trur òg at fellesskapet med andre småbornsforeldre er ein viktig faktor for at mange kjem att fleire gongar. Me byrjar att med slike samlingar i Dale bedehus 31.januar. Sjå meir info under «Vegene vidare».



## Baby- og småbornssong på Stamnes

På Stamnes har me hatt samlingar ein måndag i månaden, der me fyrst har hatt baby- og småbornssong for alle under skulealder, litt bygd på same opplegg som dei andre samlingane me har, men med lokale tilpassingar. Deretter har det vore prat og lek og kaffi, sosialt og kjekt! Og veldig ope for at fleire kan koma frå andre stadar i kommunen! Stamnes er faktisk staden det har vore baby- og småbornssong lengst i kommunen vår, dette vart sett i gong av lokale eldsjeler for over ti år sidan!

## Gudsteneste med baby- og småbornssong i Eksingedalen

I Eksingedalen hadde me baby- og småbornssonggudsteneste i Eksingedalen kyrkje 9.september. Dette var ei nyskaping, sidan ein tidlegare har hatt baby- og småbornssongen i sakristiet. No ville me ha det som ein del av gudstenesta, så alle i kyrkja kunne få med seg opplegget. Me samla borna på matter i midtgongen, og det blei song og bibelforteljing der.

Ein kjekk og livleg gjeng var samla, kyrkjerommet innbyr jo til meir lek og utforsking enn sakristiet, så ikkje rart at nokon tok seg nokre turar mellom kyrkjebankane innimellom. Men så kom det brått nokre rare lydar frå orgelet, og så var me samla att. Ruben, vår nyttilsette organist, eksperimenterte med lydar for å skape stemningar som passa til bibelforteljinga om Jesus som stiller stormen. Det blei både sol og regn og storm – spennande og verknadsfullt! Det var òg utdeling av fireårsbok og seksårsbok under gudstenesta.





## Utdeling av Nytestamentet på Stamnes, Vaksdal og Eidsland



Ein fin gjeng tiåringar fekk Nytestamentet på Stamnes.

Tiåringane frå Stamnes og Vaksdal sokn har fått Nytestamentet under kvar si gudsteneste i haust. Fleire av dei var òg

med og blåste såpebobler under ein salme, for å skapa undring og glede, særskilt hjå dei minste borna som var på gudstenesta.

## Samlingar og utdeling av 4-årsbok



Fireåringane i alle bygdene har fått fireårsbøker under kvar sine gudstenester i haust. Desse gudstenestene prøver me å tilpassa borna mest mogleg, både når det gjeld innhald og lengde, men det kan vera krevjande når det er ein del andre ting som skjer òg under gudstenesta. I dei fleste bygdene var det òg fireårssamlingar der borna fekk laga seg kvar sin adventskalender. I Eksingedalen var utdelinga så tidleg at det ikkje blei naturleg å laga adventskalender, men der blei det ei samling med baby- og småbornssong i staden.

## Borna sin Hausttakkefest

På ettermiddagen onsdag 3. oktober var det Borna sin Hausttakkefest i Dale kyrkje, blant anna som ei avslutning på korperioden på Dale. Borna fekk vera med på innmarsj der dei bar korgar med grønnsaker fram i kyrkja til pynt. Dale barnekor song fleire fine songar og det var utdeling av seksårsbok. Kristin fortalte om Skapinga til ein kjekk og livleg gjeng med tilhøyrarar og etterpå var det skiver og fruktsalat til kvelds. Til slutt fekk alle kvart sitt lodd, og me trekte kven som vann dei fire grønnsakskorgene og blomane på borda. Kjekt å vera ilag i kyrkja ein heilt vanleg ettermiddag!

## Kva skjer på VEGEN framover?

### Babysong, lunsjtreff og småbornssong på Dale og Vaksdal

I vår som i haust vert det småbornssong (kl. 10-11), lunsjtreff (kl.11-12) og babysong (kl. 12-13) på Dale og Vaksdal på torsdagar.

#### Stad og dato:

**Dale bedehus 31. januar til og med 28. mars.**  
**Vaksdal kyrkje 4. april til og med 23. mai,**  
**men ikkje 18. april/Skjærtorsdag.**

Håpar på å sjå både kjende og nye fjes, alle er hjarteleg velkomne! Fylg med på facebook-sida «Babysong, lunsjtreff og småbornssong i Vaksdal» for oppdatert informasjon om samlingane, som alle er leia av trusopplærar Kristin Straume Audestad.



### Lys Vaken

**26. til 27. januar er det Lys Vaken i Dale kyrkje,** for alle born i kommunen som fyller elleve år dette året. Her har ein ulike spennande aktivitetar, et pizza og overnattar i kyrkja til søndagen, då ein deltek i gudstenesta før det er heimreis. Dette pleier å vera veldig kjekt for dei som er med!



# KONFIRMAN\* 2019



Leir høyrer med i konfirmasjonstida! Me har vanlegvis to leirar om hausten, og reiser då til Fagertun Leirstad i Eksingedalen. I haust måtte me utsetje den eine leiren grunna mangel på leiarar, og ny tid vert andre helga i mars. Dei siste åra har me og hatt med konfirmantane frå Modalen, og i haust var dei fleste av dei med på leiren. Her er ein livleg og triveleg gjeng samla til måltid i den nyoppussa matsalen på Fagertun.



Hovuddelen av konfirmantundervisninga i år er opplegget me kallar Alpha. Etter ei kort innleiing er det undervisning i eit tema - til dømes «Kvifor og korleis lese i Bibelen» -, ei kort matøkt og så samtale i grupper. Opplegget starta ein laurdag i oktober, der me hadde eit Bibelstafett (sjå bilete), ei «Jesusvandring» og ei kort nattverdsgudsteneste i tillegg til undervisning og samtale.



Andre helga i november var dei fleste konfirmantane i Vaksdal og Modalen (deltakinga var frivillig) på Nattcup i fotball. Starten gjekk i Årstad kyrkje, men sjølve turneringa var i Haukelandshallen. Me stilte med eit gutelag og to jentelag. Jentelaga kom til sluttspillet - men var utslegne i kvartfinalen. Som vanleg fekk me kvit T-skjorte frå BKK til å ha som drakt. Konfirmantane dekorerte T-skjortene, og me vann prisen for den mest kreativ draakta. På bilete er Mari i ferd med å skåre mål!



Stanghelle-guten Martin Sundheim Østvang bur i New York, der faren har jobb. Han skal konfirmerast i Dale kyrkje til våren, men fylgjer opplegget til Sjømannskyrkja i New York. Der er konfirmantane engasjerte i nokre av gudstenestene, og her er han med i forbøna søndag 4. november.

## Baby- og småbornssong på Stamnes

Også i vår vert det samlingar med kombinert baby- og småbornssong for born 0-5 år på Stamnes og i Eksingedalen.

**På Stamnes samlast me i bedehuskjellaren mellom kl. 10 og 12 ein måndag i månaden, datoar vert annonsert seinare.**



## Utdeling av Nytestamentet til elleveåringane på Dale 27. januar

Under Lys-Vaken-gudstenesta i Dale kyrkje 27.januar vert det òg utdeling av Nytestamentet til alle elleveåringar som høyrer til Dale sokn. Denne kan dei sjølvsagt koma på uansett om dei er med på resten av Lys Vaken-opplegget eller ikkje!

## Tårnagenthelg

**2. til 3. februar vert det arrangert Tårnagenthelg i Vaksdal kyrkje.** Her er alle som blir åtte år dette året velkomne. Ein har fyrst ei samling på dagtid laurdag, der ein blant anna skal gjennom ei tårnagentløype, få agentbevis rundt halsen, bli delt inn i grupper og gjera ulike oppgaver samtidig som ein blir kjend med kyrkja. Sjølvsagt står ein tur i kyrkjetårnet også på planen! Sundagen er det tårnagentgudsteneste der tårnagentane bidreg med noko dei har førebudd dagen før.



## Barnekor på Dale og Vaksdal

I 2018 har me hatt ein prøveperiode med barnekor på Dale og Vaksdal. Det har vore både spennande og utfordrande for Kristin og Anton. Mange kjekke born rundt i bygdene våre! Ei utfordring er vel det store spennet mellom fireåringar og åtteåringar, som var aldersgruppa me hadde kor for. Til våren gjer me det nok litt annleis, utan at me heilt har bestemt korleis endå. Kanskje det vert eit barnekor for 1.-4. klasse, og småbornssong for born 3-5 år på ettermiddagen. Me har ikkje heilt landa, og er opne for innspel, send gjerne Kristin ei melding på 95766379 om du har tankar om dette. Og fylg Facebook-gruppa «Korskulen i Vaksdal» for oppdateringar om koret.

## Tankar frå trusopplæraren



Eg deler nokre tankar som eg òg delte på bedehusbasaren på Stamnes i haust, om det å vere åleine.

Åleine, tenk litt på det ordet. Kva kjensler vekker det hjå dykk? Nokon, kanskje dei som er av dei eldste, kjenner kanskje at det er eit litt mørkt ord. Noko ein ikkje likar så godt, men opplever alt for ofte. Andre, kanskje småbornsforeldre, kjenner at det er eit forlokkande ord... Noko ein opplever altfor sjeldan. Dei som går i barnehage eller på skule, synest kanskje det er litt bale å vera åleine. At då betyr det at dei andre er med nokon andre, og at ein ikkje har nokon å vera med. Me treng nokon å vera med. Samstundes er det ein viktig skilnad på å vera åleine fordi ein ikkje har nokon å vera med, og å vera åleine fordi ein har valt det sjølv, og kjenner at ein treng det.



De har kanskje høyrtd orda introvert og ekstrovert. Sannsynlegvis er de ein av delane sjølv, eller ein mellomting. Er de ekstroverte, treng de vera ilag med folk for å få energi. De ladar på eit vis batteria dykkar når de er ilag med folk, pratar med dei, gjer noko ilag. Er de introverte, treng de å vera åleine for å få energi. Då ladar de batteria i tomt hus elle åleine i skogen eller på fjellet. Så det å vera åleine treng ikkje berre vera gale, for nokon er det godt. Eg har fleire dikt om det, eit av dei er sånn:

*Eg likar godt å vere åleine  
så lenge eg veit  
du kjem att*

Men korleis veit ein om folk vil vera åleine, eller vera ilag med nokon? Det kan vera lett å tenka at dei som står og ser veldig opptekne ut, helst vil vera åleine. Men er det heilt sikkert? Og går det an å kjen-

na seg åleine sjølv om ein er ilag med mange? Eg har eit dikt som kanskje kan seie noko om det, det går slik ...

*ein ting er å vere  
einsam, åleine  
heime i si eiga stove*

*men i store forsamlingar  
der praten går overalt  
og alle ser ut til å ha nokon*

*er einsemda påtrengjande  
for den som står stilt  
utan fjes å festa blikket på*

*du kjende deg usynleg?  
eg såg deg eg  
men torde ikkje gå bort*

*unnskyld  
neste gong  
kjem eg*

Av og til er det nesten verst å

vera ilag med mange, for då kan me føle oss ekstra åleine. Viss me ikkje har nokon å snakka med, nokon som møter blikket vårt, kjem den vonde kjensla krypande. Ein kan føla seg både usynleg eller altfor synleg, og begge delane kjennest illt. Det er vel då me hentar fram mobilen og latar som me er veldig opptekne.

Eg gjer i alle fall det. Eg har for eksempel følt at 17. mai-feiringar av og til har vore vanskelige å vera med på, for det verkar som om alle kjenner alle, og at eg blir ståande åleine. Etter kvart har eg skjont eg me er ganske mange som står eller sit og latar som om me ikkje er åleine, sjølv om det kjennest slik. Så då øver eg meg på å gå bort og snakka med dei andre, og plutselig kan me vera ein heil liten gjeng. Som ikkje er åleine lenger! Berre det å vita at nokon andre kjenner på det same som oss, kan faktisk gjera at me føler oss mindre ålei-

ne! Det har eg funne ut når eg har delt dikt eg har skrivne, tankar eg har trudd at berre eg har tenkt. Men det er alltid nokon som seier «Eg òg!». Og så føler me oss litt mindre åleine om å ha det slik, begge to.

Eg vil sende ei lita utfordring vidare til dykk no når jula slår inn. Det vert nok ein del festar og samankomstar. Sjå rundt deg. Ser du nokon stå åleine, vær modig og ta kontakt. Smil og småprat. Om du ikkje føler du er så godt til småprat, sei det då. Anten har du truffe ein meister i småprat som kan gje deg gode tips, eller du har truffe nokon som i grunn kjenner på det same som deg. Så kan de øva dykk ilag. Ilag. Det er eit godt ord, utan bismak.

**Eg ynskjer dykk ei god jul - ilag med både gamle og nye kjenningar!**



# Fleire prestar frå Vaksdal!

I august vart Håkon Kinsarvik vart vigsla til presteneste. Men det er fleire prestar frå sokna våre - eller med sterk tilknytting til dei. Her er ein kort presentasjon av dei nolevande av desse:

- Er prest verdas aller, aller, aller beste jobb?!?  
JAAAA!!!

RAGNHILD L. N. DUE



**Håkon Kinsarvik (29)**

Vaks opp på Vaksdal.

Utdanna ved NLA Høgskolen, Misjonshøgskolen og Universitetet i Tromsø. Vigsla i Vaksdal kyrkje 19. august 2018.

Har vore prest på Osterøy og i Åsane. Er prest i Biskopshavn og Eidsvåg.



**Kjetil Kringlebotten (35)**

Vaks opp på Stanghelle.

Utdanna ved NLA Høgskulen i Bergen og Misjonshøgskolen i Stavanger. Vigsla i Åsane kirke, 15. juni 2014.

Har vore prest i Luster og Kvinnherad. Er doktorgradstudent på Durham University, i Nordaust-England.



**Ragnhild Lakang Nordmark Due (37)**

Vaks opp på Boge.

Utdanna ved Misjonshøgskulen. Vigsla i Nesset kirke 1.påskedag 2013.

Er prest i Nesset, Eresfjord, Eikesdal og Vistdal sokn i Indre Romsdal prosti i Møre bispedøme.



**Anders Magne Tolås Wendel (40)**

Vaks opp på Vaksdal.

Utdanna ved Misjonshøgskolen og Menighetsfakultetet. Vigsla i Vaksdal kyrkje 26. juni 2005.

Har vore prest i Meland. Er prest i Torslanda-Björlanda församling i Göteborg.



**Marianne Bergsjø Gammelsæter (55)**

Har hytte på Berge i Bergsdalen. Utdanna ved NLA Høgskulen og Menighetsfakultetet. Vigsla i Bergsdalen kyrkje 12. januar 2014.

Har vore prest/trusopplærer i Vaksdal og prest ved Kirkelig dialogcenter i Bergen. Er prest i Tveit på Askøy.



**Sjur Isaksen (61)**

Mormora, Georgina Hartington, vaks opp på Dale. Familien kom dit i 1893, då ho var 2 år gamal. Ho var engelsk, og dotter av direktøren på Dale Fabrikker. Utdanna ved Menighetsfakultetet 1975 - 1982. Vigsla i Kolbotn kirke 22.juni 1982.

Har vore prest i Larvik, Værøy og Rælingen, og lærar på Menighetsfakultetet. Er prest i Uranienborg og på Stortinget.



**Bjørn Brakestad (68)**

Faren vaks opp på Brakestad i Eksingedalen. Utdanna ved Menighetsfakultetet. Vigsla i Strandebarm kyrkje på nyåret 1978.

Har vore feltprest, og prest i Larvik, Høgsfjord, Riska, Sola og i Tungenes prosti. Vart pensjonist frå november 2016, bur i Stavanger.



**John Ove Thaulle (69 i desember)**

Fødd og oppvaksen på Dale. Utdanna ved Menighetsfakultetet. Vigsla i Dale kyrkje 28. januar 1978.

Har vore feltprest, og prest i Grytten og Vossestrand. Vart pensjonist frå januar 2017, bur på Oppheim på Vossestrand.

**HAR ME FÅTT MED ALLE? VISS DU VEIT OM FLEIRE MÅ DU MELDA IFRÅ TIL OSS!**



# Ruben er på plass

Ruben Sverre Gjertsen, vår nye organist, byrja arbeidet i slutten av august.

Ruben Sverre Gjertsen er det fulle namnet på den nye organisten i Vaksdal, men til vanleg brukar han berre det fyrste namnet. Ruben er godt i gang med arbeidet, og i tillegg til å spele til gudstenester og andre kyrkjelege handlingar er han og dirigent for koret Kilden

*Kva gjorde at du ville til Vaksdal og vere organist her hos oss?*

- Eg har hatt forskarstillingar i komposisjon ved Griegakademiet, Då engasjementet der var over såg eg meg om etter arbeid. Medan eg var på Griegakademiet vikarierte eg ved sida av som organist i mange kyrkjer i Bergensområdet. Så eg var allereie aktiv som organist, men kyrkja i Vaksdal er altså det første staden eg har blitt fast tilsett. Eg har klart blitt meir kjent med Vaksdal den siste tida, det er eit naturskjønt og variert område å arbeide i - med mange kyrkjer.

Ruben har budd i Bergen sidan 1996, men har sidan då og budd 2 år i Berlin og eitt år i Tromsø. Han vart fødd i Volda, og vaks opp i Vesterålen og Vestfold.

- Og no er eg ikkje framand for å finne meg ein stad å bu i Vaksdal, seier den 41 år unge ungkaren.

Tidlegare i livet har Ruben vore freelance komponist, organistvikar, og stipendiat, forskar og førsteamanuensis i komposisjon ved Griegakademiet. Han har og hatt eitt år som vikarierende domkantor i Tromsø.

*Korleis fekk du interesse for*

*musikk og for å spele sjølv?*

- Bestefaren min tok over eit orgel i Alstadhaug kirke som dei skulle kvitte seg med. Han laga eit påbygg på huset og sette det opp der. På det meste hadde det tre manualar og pedal, og det vart ganske mykje lyd til å være i ei liten stue. Difor var orgelet eit kjent og naturleg instrument frå eg var barn. Og eg var stadig borti det, sjølv om eg ikkje lærte å spele før eg vart litt eldre. Etter en del år fjerna min bestefar noko av orgelet det for å få plass til ein TV!

- 8 år gamal byrja eg å spele litt horn, men eg varte aldri god på det. 11 år gamal fekk eg timer på orgel og piano, på denne tida byrja eg og å komponere enkle stykke. Eg skreiv meg framover i musikkhistoria frå Mozart-aktige sonater, til det siste århundre sin eksperimentelle musikk då eg byrja å studere musikk. Eg har, etter at eg kom til Bergen, og jobba med elektronisk musikk og bearbeiding av lyd. Det kan og telje som eit instrument. Komposisjon var frå byrjinga mitt hovudemne, men eg fikk etter kvart og ei organistutdanning.

*Kva tyder det for deg å vere musikal i kyrkja?*

- Musikken kan skape ei ramme og atmosfære rundt gudstenesta. Eg får tatt ut interessa mi for orgelmusikk, klassisk musikk, og eit mangfald av songar og salmar. Det er ei oppleving å spille med ei fullsett kyrkje der folk synger ut, mens det og er viktig at de små møta skjer.



Ruben ved orgelet i Dale kyrkje.

*Utanom jobben, då - kva held du på med då?*

- Som tolvåring fikk eg nokre oppslag i lokalaviser om at eg komponerte, medan det var fyrst i løpet av studietida eg skreiv noko eg reknar som modent. Eg har hatt framføringar i ulike europeiske land og fått jobbe med gode ensembler for samtidsmusikk. Den fyrste Cd-utgjevinga, «Grains», fekk ein Spellemannspris i 2010. Eg har fått eit rykte

for å skrive musikk som er vanskelig å spela. Ikkje alle vil spela han, mens dei som gjev seg i kast med det legg ned eit veldig godt arbeid i det. Det er mi interesse i å finne uttrykk som utfordrar lyttaren, og nye måtar å bruke instrumenta på, noko som er ei anna verd enn kva eg vanlegvis brukar på gudstenester.

*Det er jo snart jul. Korleis feirar du jul i år?*



## Konfirmantjubiläum i Bergsdalen

I år er det ein pause i konfirmant-jubileringa i dei fleste sokna våre, då dei for 50 år sidan gjekk over frå haust-til vårkonfirmasjon. Neste år vert desse samkoma tekne opp att. Men i Bergsdalen var det konfirmantar for 50 år sidan, og soknerådet innbydde til gudsteneste og festsamkome siste søndagen i oktober.

Frå venstre: Helge Terje Fosse, Berny Marie Pettersen, Per Småbrekke og sokneprest Edvard Bø. Bjarte Ytre-Arne var og konfirmant saman med dei, men kunne ikkje kome på jubileet. Foto: Herborg Holt Lid.



### Vaksdal bedehus

Vaksdal bedehus er pussa opp i haust, og storsalen har fått nytt brystningspanel og nye fargar på veggen. (Foto: Marit Mjelde Alvheim)



- Vanlegvis har eg brukt å vitja foreldre og søsken i Vestfold i jula, og der et me kalkun og pinnekjøtt. Julefeiringa i år blir utatt for meg, sidan jula er ei travel tid i kyrkja. Eg satsar på å ta det att over nyttår, då skal eg ha min juleferie.

**Intervju/tekst:**  
**Frode Kvamsøe**

## Kyrkjebøker i Vaksdal

### Kyrkja i dalen (2008)

Nesheim kyrkje 100 år. 111 sider

**NY PRIS kr 150,-**

*Kan kjøpast hos medlemar i soknerådet, eller på kyrkjekontoret.*



### Dei bygde draumen (2005)

Jubileumsskrift for Bergsdalen kyrkje 50 år. 220 sider. **NY PRIS kr 100,-**

*Kan kjøpast hos medlemar i soknerådet, eller på kyrkjekontoret.*



### Kyrkjestaden Dale

(1996) 100 år, 104 sider

**Kr 50,-**

*Kan kjøpast hos medlemar i soknerådet, eller på kyrkjekontoret.*



### Soga om Stamneskyrkja (1986)

229 sider **Kr 50,-**

**Jubileumshefte for Stamnes kyrkje**

**Kr 100,-** (Perioden 1986-2011)

*Kan kjøpast hos medlemar i soknerådet, eller på kyrkjekontoret.*





## Ottar Dalseid

Ottar Dalseid starta å jobba som kyrkjetenar hos oss juni 2017. Ottar liker seg godt i jobben, og takka ja til tilbod om fast stilling i 50% i juli 2018. I den utvida stillinga vil han halde fram med å jobba som kyrkjetenar. Men han har også fått eit særskild ansvar for vedlikehald av kyrkjebygga samt å ta noko forfallande arbeid på gravplassane våre. Ottar er 65 år gammal og har bakgrunn frå både kristent organisasjonsliv og privat næringsliv. Han har store delar av sitt arbeidsliv jobba med vedlikehald og opprusting av bygg og anlegg.

## Sein gudsteneste 1. og 2. juledag



Desse gudstenestene byrjar kl 12, altså ein time seinare enn vanleg. Slik har det vore i mange år somme andre stader, og me har fått spørsmål om ikkje me kan gjere det same. Så no gjer me det!

Vil du vere med som forsongar i ei eller to av desse gudstenestene? Då kan du møte i kyrkja ein time før gudstenesta. Ta gjerne kontakt med organistane på førehand og meld di interesse.

## Minnegudsteneste om ettermiddagen Nyårsaftan

Det vert minnegudsteneste i Stamnes kyrkje Nyårsaftan kl. 16.00 – slik det har brukt å vere dei siste åra. Minnegudstenesta er for heile Vaksdal. Dei som har hatt gravferd siste året vert særskild innbedne, og får brev om dette. Men gudstenesta er for alle som vil koma.

## VI TRENG FRIVILLIGE.

Har du tid til å bry deg og lyst til å utvikle deg? Kvar år svarar vi samla kring 200 000 samtaler via telefon og internett, likevel er det ein av tre som ikkje får svar.

Les meir og meld di interesse på [kirkens-sos.no](http://kirkens-sos.no)



Å snakke med folk om livet gir mening.



## GRAVMINNER



Tlf. 55 92 25 30 • Espehaugen 54, 5258 Blomsterdalen

Man - fre kl. 9.00-17.00. Lørdag stengt.

[www.lovaasnaturstein.no](http://www.lovaasnaturstein.no)

## VIPPS



Vaksdal kyrkjelege fellesråd

(bladpengar) 94073

Vegen trusopplæringa 514111

Vaksdal Kyrkje 137194

Dale Sokn 525329

Stamnes sokn 524776



## DET SKJER I BEDEHUSA:

### Vaksdal bedehus

**30. desember:** Julestorsamling  
kl. 11.00: Tale ved Anita Solbakk.

**Storsamling søndagar kl. 11.00**  
(Kl. 11.30: Søndagsskule i kjellaren)

**9. desember:** Tale ved Audun Hjellvik

**20. januar:** Tale ved Sigrid R. Eide

**10. februar:** Tale ved Harald Tjervåg

**10. mars:** Tale ved Reidun Skurtveit

**31. mars:** Tale ved Leiv Nesheim



### Stanghelle bedehus

**Onsdag 5. desember kl. 19.00:**

Møte ved Leiv Nesheim

**Søndag 6. januar kl. 17.00:**

**JULEFEST!**

**Onsdag 30. januar kl. 19.00:**

Møte ved Reidun Skurtveit

**Søndag 17. februar kl. 16.00:**

Familiegudsteneste

**Onsdag 20. februar kl. 19.00:**

Møte ved Odd Sverre Hove



### Dale bedehus

**Onsdag 9. januar kl. 19.00:**

Møte ved Leiv Nesheim

**Onsdag 27. mars kl. 19.00:**

Møte ved Christian Skoge

**BIBELHELG i Dale bedehus**

**9. og 10. februar kl. 18.00**

ved Harald Tjervåg



### Stamnes bedehus

**Onsdag 13. februar kl. 19.00:**

Møte ved Reidun Skurtveit

**Onsdag 7. mars kl. 19.00:**

Møte ved Leiv Nesheim

**Onsdag 4. april kl. 19.00:**

Møte ved Reidun Skurtveit



## KYRKJA I VAKSDAL



- VEGEN I VAKSDAL (TRUSOPPLÆRINGA)
- KYRKJENE I VAKSDAL
- BERGSDALEN KYRKJE

Det finst og andre sider med og om kyrkjene i Vaksdal, men dei er generert av andre, til dømes Facebook sjølv.



## Nordhordland Begravelsesbyrå AS



AVD. VAKSDAL:

**Ann-Elin M. Gullbrå • Tlf. 56 99 25 70**

ME GÅR SAMAN MED DEG HEILE VEGEN.  
PLANLEGGING - BLOMAR - GRAVSTEIN

Tlf. 56 37 14 10 • post@nordh-bb.no • www.nordh-bb.no



**DALEGARDEN  
OUTLET & CAFÉ**



**Alt innan  
tømrararbeid**

Tlf. 922 65 739

post@falkangerbygg.no



Falkanger Bygg er  
forhandlar av Idehus  
Sjå [idehus.no](http://idehus.no)



**Bergsdalstunet**

Bergsdalstunet  
56 59 89 34

## TOMME- STOKKEN BYGG AS

Vi har stillas  
med hengjar til leige.

Tlf. 481 44 680

## ATLANTIS VVS & INTERIØR

Din lokale Rørlegger i Vaksdal

☎ 95 97 17 00 

**coop  
prix**

Opningstider:  
Mån-laur 8-21  
Søn 12-20

Avd. 405 Dale

5721 Dalekvam - Tlf. 56 59 61 01

## ARNPRO

Tlf. 56 53 00 60 • www.arnpro.no

## BKK

- vi gir morgendagen nye muligheter

## SÆTERDAL ELEKTRO

Me leverer alt innan  
elektrikartenester.  
Tlf. 56 59 43 00

 SparebankenVest  
– satsar på Vestlandet

Tlf. 56 59 39 00 - www.spv.no

## VAKSDAL BLOMSTER OG BEGRAVELSESBYRÅ AS

Vi ordnar alt vedrørende dødsfall.

*Kransar - Sløyfer -  
Oppsatsar - Bårebukettar*

Mob. 91 17 97 66

## Ve vangen elektriske a/s

AUTORISERT TELE- OG ELEKTROENTREPRENØR

HAR DU BRUK FOR EIN FAGMANN?

- Elektro svak- og sterkstrøm
- Alarmanlegg
- Teleinstallasjonar
- Brannvarsling
- Adgangskontroll

Tlf. 56 52 36 66      www.vangen-elektriske.no

## GRAVMINNER



Utstillingen kan sees i butikk.  
Vi lager også modeller etter ønske.

• Navntilføyer • Omslip  
Restaurering • Bolting • Oppretting

  
**STEINRIKET  
DALE AS**

Dalegarden • Tlf. 40 61 55 00 • www.steinriket.no



# SLEKTERS GANG



## DØYPTE

### Bergsdalen

02.09 Edvin Hegge Gether-Rønning

### Dale

21.10 Vilja Sellevold Erdal

21.10 Sebastian Boge Strømsheim

### Vaksdal

11.11 Mina Skånvik Rikstad

11.11 Lukas Moe-Aasgard



## VIGDE

### Vaksdal

01.09 Kamilla Frotjold Madsen og  
Remi Andre Svardal Helland



## DØDE

### Eidsland

23.08 Ingrid Myster 1919

### Dale

28.09 Bodhild Anny Jordal 1941

10.10 Astrid Johnsen 1931

12.10 Kåre Henry Jordalen 1944

### Nesheim

09.10 Knut A Fjellanger 1932

### Stamnes

13.09 Aslaug Petra Kallestad 1935

### Vaksdal

25.10 Einar Amundsen 1942

27.10 Malvin Jacobsen 1935

06.11 Ragnar Ottar Oldereide 1930

# VELKOMEN TIL KYRKJA

## Søndag 13. januar - 2. søndag i openberringstida

VAKSDAL KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste. Kvamsøe. Dåp. Nattverd.

EKINGEDALEN KYRKJE kl. 15.00. Gudsteneste. Kvamsøe. Dåp. Nattverd. Kyrkjekaffi.

## Søndag 20. januar - 3. søndag i openberringstida

VAKSDAL KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste. Bø. Dåp. Nattverd.

EIDSLAND KAPELL kl. 16.00. Gudsteneste. Bø. Dåp. Nattverd.

## Søndag 27. januar - 4. søndag i openberringstida

DALE KYRKJE kl. 11.00. Familiegudsteneste/Lys Vaken-helg. Kvamsøe. Dåp. Nattverd. Kyrkjekaffi.

## Søndag 3. februar - 5. søndag i openberringstida

VAKSDAL KYRKJE kl. 11.00. Familiegudsteneste/Tårnagenthelg. Bø. Dåp. Nattverd. Kyrkjekaffi.

## Søndag 10. februar - 6. søndag i openberringstida

BERGSDALEN KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste. Kvamsøe. Dåp. Nattverd. Kyrkjekaffi.

NESHEIM KYRKJE kl. 15.00. Gudsteneste. Kvamsøe. Dåp. Nattverd. Kyrkjekaffi.

## Søndag 17. februar - Såmannsøndagen

STAMNES KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste. Bø. Dåp. Nattverd.

STANGHELLE BEDEHUS kl. 16.00. Familiegudsteneste. Kvamsøe. Kyrkjekaffi.

## Søndag 24. februar - Kristi forklaringdag

EKSINGEDALEN KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste. Kvamsøe. Dåp. Nattverd. Kyrkjekaffi.

VAKSDAL KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste. Bø. Dåp. Nattverd.

## Søndag 3. mars - Fastelavnssøndag

EIDSLAND KAPELL kl. 11.00. Gudsteneste. Bø. Dåp. Nattverd. Kyrkjekaffi.

## Søndag 10. mars - 1. søndag i fastetida

DALE KYRKJE kl. 16.00. Ung Messe. Bø og konfirmantar som har vore på leir. Nattverd. Kyrkjekaffi.

## Søndag 17. mars - 2. søndag i fastetida

NESHEIM KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste. Kvamsøe. Dåp. Nattverd. Kyrkjekaffi.

STAMNES KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste. Bø. Dåp. Nattverd.

VAKSDAL KYRKJE kl. 18.00. Gudsteneste. Bø. Dåp. Nattverd.

## Søndag 24. mars - Maria bodskapsdag

BERGSDALEN KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste. Kvamsøe. Dåp. Nattverd. Kyrkjekaffi.


## Søndag 31. mars - 3. søndag i fastetida

DALE KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste. Bø. Dåp. Nattverd. Kyrkjekaffi.

## Søndag 7. april - 4. søndag i fastetida

VAKSDAL KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste. Kvamsøe. Dåp. Nattverd.

*For oversikt over gudstenestene i desember, sjå siste sida!*



## VELKOMEN TIL KYRKJA

### Laurdag 1. desember

STAMNES KYRKJE kl. 16.00. Konsert med lystenning og lesing ved konfirmantane ved konfirmantane.

### Søndag 2. desember - 1. søndag i adventstida

VAKSDAL KYRKJE kl. 19.00. Lysmesse. Bø og konfirmantane. Nattverd.

DALE KYRKJE kl. 20.00. Lysmesse. Kvamsøe og konfirmantane. Dåp. Nattverd.

### Søndag 9. desember - 2. søndag i adventstida

EKSINGEDALEN KYRKJE kl. 15.00. Lysmesse. Kvamsøe, born og unge. Nattverd. Kyrkjekaffi.

EIDSLAND KAPELL kl. 17.30. Lysmesse. Kvamsøe og konfirmantar. Song av Stamnes barnekor. Nattverd. Kyrkjekaffi.

### Søndag 16. desember - 3. søndag i adventstida

BERGSDALEN KYRKJE kl. 16.00. Lysmesse. Bø, born og unge. Nattverd. Kyrkjekaffi.

### Søndag 23. desember - 4. søndag i adventstida

Ingen gudsteneste i Vaksdal.

### Måndag 24. desember - Julaftan

NESHEIM KYRKJE kl. 12.00. Julegudsteneste. Bø. STAMNES KYRKJE kl. 13.00. Julegudsteneste. Kvamsøe.

DALE KYRKJE kl. 15.00. Julegudsteneste. Kvamsøe.

DALE KYRKJE kl. 16.00. Julegudsteneste. Kvamsøe.

VAKSDAL KYRKJE kl. 16.00. Julegudsteneste. Bø.

### Tysdag 25. desember - Juledag

VAKSDAL KYRKJE kl. 12.00 (Merk tida). Felles høgtidsgudsteneste for Vaksdal og Dale sokn. Bø og Kvamsøe.

Dåp. Nattverd. Forsongarane møter kl. 10.00.

### Onsdag 26. desember - 2. Juledag

BERGSDALEN KYRKJE kl. 12.00 (Merk tida). Høgtidsgudsteneste

### Søndag 6. januar - Kristi openberringsdag

DALE KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste. Kvamsøe. Dåp. Nattverd.

*For oversikt over gudstenestene i januar, februar og mars, sjå side 19!*

*Dåp = Høve til dåp i gudstenesta.*

*Endringar kan koma. Sjå annonsar i lokalavisa, oppslag og på [www.vaksdal.kyrkja.no](http://www.vaksdal.kyrkja.no) og for eventuelle endringar.*



*Bunad og stakkastovo as*

*ny bunad*

*omsøm*

*bunadsole*

*tilbehør*

*Ring for avtale 56 19 18 00*

*Osterøy næringspark, 5281 Valestrandfossen*

*[www.bunadogstakkastovo.no](http://www.bunadogstakkastovo.no)*